

**SØKNAD OM LØYVE TIL MOTORFERDSLE  
ETTER VERNEREGLANE FOR HARDANGERVIDDA NASJONALPARK, LOV OM  
MOTORFERDSLE I VASSDRAG OG UTMARK OG NASJONAL FORSKRIFT**

**SØKJAR**

Namn : \_\_\_\_\_

Gard nr: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_

Bruk nr: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

Feste nr: \_\_\_\_\_

Søkjar  er grunneigar  er heimelshavar  er allmenningsbrukar  
 har leigeavtale  har annan tilknytting  
(spesifiser på vedlegg)

Stølshus  jakt/fiskehytte  
 Statsalm.  Privat grunn

**SØKNADEN GJELD (fyll ut det som høver)**

Landing med  sjøfly  helikopter  
frå selskapet \_\_\_\_\_  
på/ved \_\_\_\_\_

Køyring med:  bil  snøscooter  
 beltekøyrety  traktor  anna køyrety:  
reg nr. \_\_\_\_\_  
etter strekninga \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_ fram til \_\_\_\_\_  
Køyretyet vert ført av: \_\_\_\_\_

Køyring med motorbåt  
på \_\_\_\_\_  
Motorkraft: \_\_\_\_\_ Hk

**OMFANG OG TIDSRUM**

Det vert søkt om \_\_\_\_\_ tur(ar) i tidsrommet frå \_\_\_\_\_ til \_\_\_\_\_

Det vert søkt om \_\_\_\_\_ landing(ar) i tidsrommet frå \_\_\_\_\_ til \_\_\_\_\_

**FØREMÅL MED TRANSPORTEN (fyll ut det som høver)**



#### 4.6 Motorferdsle

Det er ei målsetting å redusere motorferdsle i nasjonalparken til eit minimum. Motorframkomstmiddel kan derfor berre nyttast når transporten er naudsynt. Ved avgjerda om noko er naudsynt må ulempene med motorferdsle haldast opp mot dei einskilde transportbehova. Forvaltningsstyresmakta skal sjå til at all transport om mogleg vart samordna.

Ved bruk av fly eller helikopter skal all transport utførast av personar eller selskap med luftfart som registrert næring. Dokumentasjon på dette skal forevisast ved kontroll.

##### 4.6.1.

Motorferdsle til lands og på vatn, landing med luftfarty og flyging under 300 meter er forbode unnateke i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsels-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver og i særskilde høve for offentlege teletenester og elforsyning. Øvingskøyning til desse formåla er forbode.

##### 4.6.2.

Forbode i pkt. 4.6.1 gjeld ikkje:

- a) naudsynt køyning på Tinnhølvegen i samband med vedlikehald av vegen, villreinjakt, turisthyttedrift, slepp og sanking av beitedyr og garnfiske som har eit omfang på minimum 50 garndøgn. Parkering skal skje på godkjend parkeringsplass ved Lagerskuret eller ved "Byen".
- b) bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn større enn 2 km<sup>2</sup> i samband med villreinjakt, drift av turisthytter og garnfiske som har eit omfang på minimum 50 garndøgn.
- c) bruk av fly til uttransport av felt villrein. Dette gjeld fram til og med tre dagar etter at villreinjakta er slutt. Landing og start skal skje på følgjande vatn:  
Nordmannslågen ved Besso turisthytte, Vatnalidvatn, Veivatn, Bersavikvatn, Litlosvatn, Nedste Krokavatn, Øvste Krokavatn, Nedste Bjørnavatn, Øvste Bjørnavatn, Vasslivatn, Langavatn, Kvennsjø, Midtre Grøndalsvatn, Store Valgardsvatn, Holmavatn, Hedlevatn, Nedre Langevatn, Fjellsjåen, Sandvatn, Briskevatn, Vollevatn, Gjuvsjåen, Ugletjønn,

Store Meinsvatn, Kallungsjå, Gunnleiksbuvatn, Viuvatn, Sletteidvatn, Langesjøen, Geitvatn og Hettefjorden.

Forvaltningsstyresmakta kan fastsetje nærare landingsstad. All flyging skal rapporterast til forvaltningsstyresmakta straks turen er avslutta.

#### 4.6.3. Transport etter løyve

##### 4.6.3.1. Storviltjakt

For naudsynt transport i samband med storviltjakt, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

- a) landing med fly eller helikopter.
- b) køyning etter godkjende sleper, jfr. pkt. 4.6.4.

##### 4.6.3.2. Garnfiske

For naudsynt transport av varer, utstyr og fangst i samband med garnfiske som har eit omfang på minimum 50 garndøgn, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

- a) bruk av fly eller helikopter.
- b) bruk av beltekjøretøy på vinterføre.
- c) køyning etter godkjende sleper, jfr. pkt. 4.6.4.
- d) bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn større enn 2 km<sup>2</sup>.

##### 4.6.3.3. Drift av turisthytter.

For naudsynt transport i samband med drift av turisthytter, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

- a) bruk av beltekjøretøy på vinterføre til transport av varer og utstyr.
- b) bruk av beltekjøretøy for kvisting og staking av skiløyper.
- c) bruk av fly eller helikopter til transport av varer og utstyr.
- d) køyning på godkjent traktorslepe for inntil to tur/retur pr. år, sjå pkt. 4.6.4.

##### 4.6.3.4. Landbruksverksemd.

I samband med transport av varer og utstyr til beitebruk og transport i samband med sjuke eller skadde dyr kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

- a) bruk av fly, helikopter og båt med motor.
- b) bruk av beltekjøretøy på vinterføre.
- c) køyning på slepa frå Solheimstulen–Vegarhovd jfr. pkt. 4.6.4.

##### 4.6.3.5. Andre tilhøve.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) naudsynt transport med beltekjøretøy på vinterføre av material, brense o.l. til hytter og buer. Det kan berre gjevast løyve til køyning etter nærare oppgjevne ruter.
- b) transport med beltekjøretøy på vinterføre i samband med kalking etter pkt. 4.7.2.
- c) køyning etter Tinnhølvegen for eigarar av hytter langs vegen. Det kan gjevast løyve til å parkere ein bil ved hytta.
- d) bruk av beltekjøretøy på vinterføre, fly eller helikopter til transport av gamle og uføre som er særleg tilknytta nasjonalparkområdet.
- e) naudsynt transport med helikopter, beltekjøretøy på vinterføre og køyning på Tinnhølvegen i samband med teleteneste og elforsyning.

##### 4.6.4.

Godkjende sleper for bruk av traktor: Tinnhølen – Hellehalsen – Eriksbuegga – Sandhaug.

Eriksbuegga – Viersla (til godkjent teltplass).

Tinnhølen (Byen) – Stigstuv.

Tinnhølen (Byen) – Veisenut m/sideslepe til Nilsbu.

Veisenut – Kilelægrt.

Veisenut – Olabu.

Solheimstulen – Smågefjorden.

Solheimstulen – Vegarhovdhytta m/sideslepene til:

Geitsjøen, Langevatnet,

Dagfiskehyttene, Krossvatn, Nord

Kosadalen, Jegerbu, Dyrebu og

Lågaros v/Bjonesfjorden.

For hovedslepa Solheimstulen–Vegarhovda og sideslepene til Jegerbu, Dyrebu og Langevatn kan det gjevast løyve til bruk av terrengbil.

For slepene til Geitsjøen, Dagfiskehyttene, Krossvatn, Nord Kosadalen kan det samla gjevast løyve til inntil to turar kvart år pr. slepe.

Køyning etter slepene kan berre skje i tidsrommet 25. juli til 30. september. I samband med slepp av beitedyr kan det gjevast løyve til køyning på hovedslepa tidlegare enn 25. juli. Parkering skal skje heilt nær slepa. Det er forbode å køyre inn med hengjarar som er laga til for overnatting.